

HARAM KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

13.02.2012

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag 22.02.2012 kl. 13.00
på Haram rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 01/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 17.11.2011
- ” 02/12 - Brev til Haram kommune – orienteringssak
- ” 03/12 - Oppgåver for kontrollutvalet, oversikt over sakstypar og årshjul
- ” 04/12 - Prosjektskisse for IKT- området i Haram kommune
- ” 05/12 - Om byggerekneskap i økonomireglementet
- ” 06/12 - Brev frå velforeninga på Store Kalvøy
- ” 07/12 - Oppfølging av kommunestyrevedtak

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Eivind Davik
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I HARAM KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 17.11. 2011, kl. 13.00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av Eivind Davik

Elles til stades: Sigrid Eidsvik og Torleiv Rogne

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Revisjonsrådgjevar Jens Sæther

Frå Haram kommune møte:

Fungerande ordførar Svein Harsjøen

Sigrid Eidsvik hadde merknader til at innkallinga hadde kome seint. Det vart opplyst at innkalling var utsendt på epost fredag 11.11.2011 og saksdokumenta på epost 15.11.2011 samt at innkallingsprosedyrene var i samsvar med avtale.

Det kom ikkje fram merknader til saklista.

SAK 05/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 31. MAI 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 31. mai 2011 blir godkjent.

SAK 06/11

ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON (EI MUNNLEG ORIENTERING)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 07/11

SAKER SOM VIL KOME

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.11.2011.

I tilknytning til kommunestyret sitt vedtak om å sende spørsmål til kontrollutvalet om Haram kommune si styring og kontroll vedkomande si eiga IKT-teneste , ga kontrollutvalet signal om at det var ønskjeleg med ei undersøking som var retta framover i tid og ikkje bakover i tid.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å få utarbeidd ei prosjektskisse for undersøkinga av IT - området.
2. Ei slik skisse blir å legge fram i neste møte.
3. Forøvrig tek kontrollutvalet saka til orientering.

SAK 08/11

TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2011 – HARAM KOMMUNE

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.11.2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at det i komande tertialrapporteringar blir utarbeidd prognosar for forventa rekneskapsresultat.
2. Kontrollutvalet har saka til observasjon.

SAK 09/11

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.11.2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 10/11

OM BYGGEREKNESKAP I KOMMUNEN SITT ØKONOMIREGLEMENT

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer informasjon om økonomireglementet inneheld reglar knytt til byggerekneskap til neste møte.

Eivind Davik
leiar
(sign.)

Sigrid Eidsvik
medlem
(sign.)

Torleiv Rogne
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 13.02.2012

SAK 02/12
BREV TIL HARAM KOMMUNE - ORIENTERINGSSAK

Som vedlegg følger:

- Brev frå kontrollutvalsekretariatet til Haram kommune datert 27.01.2012
- Svar frå rådmannen datert 10.02.2012

Det blir ikkje lagt fram forslag til vedtak

Harald Rogne
dagleg leiar



SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Vår dato:
27.01.2012
Deres dato:

Vår referanse:

Deres referanse:

Haram kommune
Rådmannen
Storgt. 19

6270 Brattvåg

OPPFØLGING AV VEDTAK I KONTROLLUTVALET – SAK 08/11

Saka gjaldt tertialrapporten for 2. kvartal 2011. Kontrollutvalet gjorde vedtak om å ha saka til observasjon.

Med bakgrunn i dette ønskjer eg ei tilbakemelding på korleis den økonomiske utviklinga har vore sidan siste tertialrapport. Det er langt på veg tilstrekkeleg med ei prognose på meirforbruk/mindreforbruk ved årskiftet.

Helsing

Harald Rogne
dagleg leiar



Hanken Turid
<turid.hanken@haram.kommune.no>

10.02.2012 10:20

Til 'Harald Rogne' <harald.rogne@kontrollutvalg.no>

cc Lervik Levi <levi.lervik@haram.kommune.no>

bcc

Emne SV: Om den økonomiske situasjonen

Logg:

Denne meldingen er svart på.

Viser til vedlegg i eposten din. Vi har eit vedtak om at rådmann og formannskap i fellesskap skal arbeide med å utvikle rapporteringssystemet. Vi har gjort nokre endringar i 2.tertial som formannskapet var nøgde med, og vil arbeide vidare med dette også framover. Kontrollutvalet kan gjerne få orientering om dette.

For 3.tertial samanfell dette med årsavslutning, og det er mykje som var usikkert ved årsslutt i forhold til avregningar, og inntektsoverføringer som kjem først ved slutten av året. Fokuset vårt er på denne tida fristane for innrapportering og rekneskapsavslutning. I midten av februar er rekneskapen klar. Då kan vi legge fram faktiske tal. Det har derfor ikkje vore utarbeidd førebelse tal for meir/mindre forbruk i einingane for 3.tertial uavhengig av dette. Resultat av finansavkastning var klar tidleg i januar. Resultatet var noko betre enn det såg ut til ved utgangen av november, då desember var ein betre månad. Negativ avkastning saman med forventa avkastning lagt inn i budsjettet, viser eit stort rekneskapsmessig underskot. Formannskapet fekk dei førebelse resultata i 1.møte etter jul den 16.1.

Oversikt utarbeidd av økonomisjefen ved utgangen av januar viser følgjande:

Prognosen tilsier underskudd mellom 35-40 mill.

Vi har en del mindre skatteinntekter (spesielt nå siste måneder før jul, fallende skatteprosent), men en del høyere rammetilskudd. Samla minus skatt/ramme ca 4,8 mill p.t. Siste justeringsoppgjør kommer medio feb, men gir kun mindre utslag.

Ca 2,8 i ekstra generelle statstilskudd og noe ekstra mva.komp.

Disp. fond ca 1 mill + 0,3 som var avsett investering, men ikke brukt.

Positivt premieavvik pensjon (ikke ført ennå)

Noe mindre renteutgifter

Totalt sett skulle alle disse samlet sett balansere noen lunde

Dvs. at underskuddet i hovedsak totalt sett vil utgjøre;

Finansplasseringer -14,4 mill

manglende forventet avkastning - 24 mill

Over/underskudd på rammene til enhetene mangler fortsatt en del ifm. periodisering riktig år utgifter/inntekter, avsetninger til bundne fond, sykepenges osv.) . Har så langt inntrykk av at avvikene ikke er så store.

Dette til orientering så langt.

Mvh

Turid Hanken

Rådmann

Haram kommune

Fra: Harald Rogne [mailto:harald.rogne@kontrollutvalg.no]

Sendt: 27. januar 2012 14:58

Til: Hanken Turid; postmottak

Emne: Om den økonomiske situasjonen

Eg viser til vedlegg.

Helsing
Harald Rogne

SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 13.02.2012

SAK 03/12 OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR, ÅRSJUL

1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningslinjer for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

3. Heimelsgrunnlag

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

4. Saker til behandling i kontrollutvalet

4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet

4.1.1. Rekneskapsrevisjon

4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at *"kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte."* Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følgjer av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i eigne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er eigne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultata av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

4.1.2 Forvaltningsrevisjon

4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal *"påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak"*. Vidare skal kontrollutvalet sjå til *"at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger"* - forvaltningsrevisjon.

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av revisjonsforskrifta § 7.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultata av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgt opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 12.

I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiing med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

4.1.3 Selskapskontroll

4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

4.1.4 Revisjonsplan

Det følger av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei "bestillarrolle" når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

4.1.5 Rapport frå revisjonen

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

4.1.6 Anna

4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følger av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggst til grunn. Det følger av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

4.1.6.5 Budsjettbehandling

I sambande med den årlige budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapetets innstilling til kommunestyret. Det følger av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektivere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga,

koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil være å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningslinjer for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligare vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphøyrd denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbetringpunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetringar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.2.3 Retningslinjer for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide egne retningslinjer for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggst fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet.

Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine egne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta egne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- åpne eller lukka møter,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personalhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med egne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningsskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

5. Tidsfristar for behandlinga

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

Årsmelding /årsrekneskap skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10)

Revisjonsmelding skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødigg opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

Regnskapsrapportane skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av **sluttrekneskap** til politisk behandling.

Overordna plan for forvaltningsrevisjon skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

Plan for selskapskontroll skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

Oppfølging av politiske vedtak

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregåande året.

6. Rapportering til kommunestyret

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved

rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 13.02.2012

SAK 04/12
PROSJEKTSKISSE FOR IKT- OMRÅDET I HARAM KOMMUNE

Som vedlegg følger:

- Prosjektskisse datert 18.01.2012

I kontrollutvalet sitt møte 17.11.2011 sak 07/11 vart kontrollutvalsekretariatet bedt om å få utarbeidd ei projektskisse for undersøkinga av IT – området i Haram kommune og at projektskissa skulle leggjast fram i neste møte.

Eit slikt prosjekt som dette vil vere relativt omfattande dersom temaet skal bli tilstrekkeleg gjennomgått. Ut i frå undersøkinga sitt forventa omfang, er det naturleg å velje ein forvaltningsrevisjon som er ei djuptgåande revisjon.

Kontrollutvalet skal etter gjeldande reglar legge ein plan for forvaltningsrevisjon fram for kommunestyret i inneverande år. Ut i frå dette er det naturleg å vurdere om ein slik eventuell revisjon av IKT-området skal integrerast i plan for forvaltningsrevisjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Det blir utført ein forvaltningsrevisjon av IKT-området i Haram kommune i samsvar med vedlagte projektskisse. Denne revisjonen blir integret i plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode.

Harald Rogne
dagleg leiar

18. januar 2012

PROSJEKTSKISSE - Utkast

IKT-tenesta i Haram kommune: Internkontroll, informasjonstryggleik og funksjonalitet.

1. Bakgrunn

Kommunerevisjonen vart i møte i Haram kontrollutval den 17.11.11, under handsaming av sak 07/11, bedt om å lage ei projektskildring for ein forvaltningsrevisjon av IKT-tenestene i Haram kommune. Kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak i sak 07/11:

«Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å få utarbeidd ei projektskisse for undersøkinga av IT - området. Ei slik skisse blir å legge fram i neste møte. Forøvrig tek kontrollutvalet saka til orientering».

Kontrollutvalet vil ta stilling til om prosjektet skal prioriterast i plan for forvaltningsrevisjon for Haram kommune 2012-2015.

2. Evaluering av IT-tenesta i Haram.

2.1. Målsetning med prosjektet

Forvaltningsrevisjonen skal vere ein gjennomgang av IT-tenesta i Haram kommune, med sikte på å gjennomføre ei evaluering av tenesta med omsyn til internkontroll, informasjonstryggleik og tenesta sin opplevde funksjonalitet, sett frå brukarsida.

Føremålet med prosjektet er å vurdere om krav til god intern kontroll er ivarettatt i hendingar til anerkjente standardar i IT-avdelinga. Som ein del av dette vil det verte vurdert om informasjonstryggleiken er god nok, og at lov- og kontrollkrav til personvern vert følgt opp gjennom etablerte rutinar. Prosjektet skal i tillegg gi eit grunnlag for å vurdere nytteverdien av IT-tenesta.

2.2. Problemstillingar

Følgjande problemstillingar vert stilt ved start av prosjektet:

- Dekker sikkerhetsopplegget til IKT-avdelinga i Haram kommune dei krava som blir stilt til handsaming av personsensitive data og dessutan grunnleggjande intern kontroll?
- Vert lovar og reglar følgt?
- Kva er nytteeffekten av kommunens IT-satsing og har tenesta ei tenleg organisering?


- Vert IT-tenestene levert i samsvar med behov og forventningar blant kommunen sine tilsette på ulike nivå og innan ulike sektorar?

2.3. Revisjonskriterier

Revisjonskriterium vert vanlegvis fastsett med basis i ei eller fleire av følgjande kjelder: lovverk, politiske vedtak og føringar, kommunens egne retningslinjer, anerkjent teori på området og andre samanliknbare verksemders løysingar og resultat. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere eventuelle avvik/svakheiter. Kriteria vert halde saman med faktagrunnlaget, og dannar basis for dei analysar og vurderingar som vert gjort, og dei konklusjonane som vert trekt, jf. Standard for forvaltningsrevisjon: RSK-001.

Det mest kjente rammeverket for intern kontroll er det såkalla COSO-rammeverket, *Intern kontroll – et integrert rammeverk*. COSO-rammeverket definerer intern kontroll som ein prosess som er satt i gang og blir gjennomført av kommunestyret, rådmannen, einingsleiarane og dei tilsette, med sikte på måloppnåing når det gjeld:

- Målretta og effektiv tenesteproduksjon
- Påliteleg intern og ekstern rapportering
- Etterleving av gjeldande lover og reglar, og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.



Komponentane som internkontrollen byggjer på er: Kontrollmiljøet, risikovurderingar, kontrollaktivitetar, informasjon og kommunikasjon, samt overvåking.

Evalueringa vil bli strukturert rundt dette COSO-rammeverket som revisjonskriterier (kontrollmiljø, risikovurderingar, kontrollaktiviteter, informasjon og sikkerhet og oppfølging).

2.3 Metodisk opplegg

Evalueringa vil verte gjennomført som eit forvaltningsrevisjonsprosjektet, lagt opp etter RSK 001 "Standard for forvaltningsrevisjon organisert som prosjekt".

Datainnsamling vil skje i form av dokumentgjennomgang, intervju av leiarar med ansvar for IT-området, som ledd i ei spørjeundersøking med intervjuoppfølging omkring internkontroll og sikkerhet. Det vil i tillegg verte gjennomført ei spørjeundersøking blant kommunens IT-brukarar.

Samanstilling av dei innsamla data vil utgjere faktaframstillinga. Det vil så verte gjort vurderingar av fakta opp mot dei aktuelle problemstillingane som undersøkinga byggjer på.

2.3.2 Undersøking om tryggleik og internkontroll

Det skal nyttast eit eige revisjonsprogram for undersøking av internkontrollen i IKT-tenesta i kommunen. Revisjonsprogrammet består av 4 standardar utarbeidd i regi av Noregs kommunerevisorforbund (NKRF), og har sin basis i COSO-rammeverket.

Føremålet med revisjonsprogrammet er å få eit grunnlag for vurdering av kommunen sin internkontroll, gjennom å kartlegge risikoområde og risikofaktorar. Dei 4 delane i revisjonsprogrammet er:

- Informasjonsinnsamling IT-miljø – IIT (del 3)
- Førebels risikovurdering – Tilsyn og leiarskapskontrollar – FTL
- Førebels risikovurdering – Informasjon/Kommunikasjon – FIK
- Vurdering av den interne kontroll – IT-kontroller – VIK-IT (del 3 og 4)

Kvar del har ei vidare inndeling i underområde som det er utleidd risikoar frå. I den fullstendige versjonen av undersøkinga er kontrollpunkta definert med over 160 spørsmål. Undersøkinga i Haram vil verte ein nedkorta versjon. Store delar av spørsmåla vil rette seg mot leiarar med ansvar for IKT i kommunen.

2.3.1 Brukarundersøking

Med risikostyring og internkontroll som utgangspunkt, vil undersøkinga også fokusere på IT-tenesta si måloppnåing. Som eit ledd i dette skal det gjennomførast ei brukarundersøking som ein web-basert undersøking til alle IKT-brukarane i kommunen. Brukarundersøkinga skal nyttast til å vurdere brukaroppleving, nytte og funksjonalitet i høve til kommunens IKT-system og -støttefunksjonar. Resultata vil verte fordelt på ulike sektorar.

3. Bemanning og tidsplan

Prosjektet vil verte gjennomført av revisjonsrådgjevar Jens A. Sæter. Prosjektet kan gjennomførast vår 2012.

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 13.02.2012

SAK 05/12
OM BYGGEREKNESKAP I ØKONOMIREGLEMENTET

Som vedlegg følger:

- Kapittel 9 i økonomireglementet for Haram kommune om investeringsprosjekt.

I sak 10/11 i møte 17.11.2011 gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønsker informasjon om økonomireglementet inneholdt regler knytt til byggerekneskap til neste møte.

I sak 10/11 kom det opp spørsmål om økonomireglementet til Haram kommune inneholdt regler knytt til byggerekneskap og kontrollutvalet ba om informasjon om dette til neste møte.

Økonomireglementet for Haram kommune vart vedteke i kommunestyresak 84/03. Kapittel 9 inneholdt reglement for investeringsprosjekt.

Det går fram av pkt. 9.9.9. at det skal utarbeidast sluttrapport med oversikt over total kostnad over investeringa sin storleik, og dette skal fremjast for kommunestyret. Dette skal uansett gjerast for investeringa med kostnad over 1,5 mill. kroner. Slik sak skal vere fremja innan eit år etter at overtakingsforretning har funne stad.

Sentrale dimensjonar i rekneskapen er i følgje økonomireglementet:

Ansvar, teneste, art og prosjekt.

Ansvar er definert som den instansen som har ansvar for at resultat og budsjett går i hop. Ansvarsdimensjonen viser organiseringa av verksemda og dermed kven som har ansvaret for dei ein skilde ledda i ansvarskjeda.

Teneste skal vise kvifor ein har utgiftene og inntekene og kva som blir utført og skal bli utført. Tenestestrukturen viser dei sakene som er aktuelle å utføre for å realisere dei måla som er sett.

Art er ressurs-/innteksttype (lønn, utstyr, salsinntekter m.v.)

Prosjektdimensjonen vil stort sett innehalde tidsavgrensa aktivitetar. Det er svært relevant å nytte prosjekt i samband med oppføring av bygg og anlegg og andre tiltak som krev eige rekneskap m.m. Prosjekt er år-suavhengig, dvs at fleire år til ei kvar tid kan sjåast i samanheng.

Opplysningane ovanfor blir lagt fram som orientering og det ligg ikkje føre forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

9 Reglement for investeringsprosjekt

9.1 Formål

Reglementet gir retningslinjer for lik behandling og styring av investeringsprosjekt i kommunen.

Alle einingar/avdelingar skal legge reglementet til grunn for bygge – og anleggsprosjekta sine, og instruksene sin skildring av saksutgreiinga i samband med byggjesaker skal nyttast så langt det er praktisk også for alle andre typar investeringar. Det vert spesielt vist til reglane om kva som skal ligge føre av økonomiske data før bygging/investering kan startast opp.

Utbyggingsområder følgjer egne retningslinjer.

9.2 Definisjonar

Investeringar gjeld innkjøp av varige driftsmidlar som koster over 50 000 kroner og der investeringsobjektet har ein forventa levetid på minst 3 år. Vanlegvis vil investeringane ligge innanfor kategoriane:

- Bygg
- Inventar og utstyr inkl. EDB -investeringar, maskiner og kjøretøy.
- Anlegg – under dette også park- og idrettsanlegg

Alle investeringar skal budsjetterast og rekneskapsførast i investeringsbudsjettet/regnskapet.

9.2.1 Avgrensing mot driftsrekneskapen

Ved større skader, havari o.l. av/på ei investering innanfor normal levetid, vil reparasjon/erstatning opp til dagens standard vanlegvis bli rekna som vedlikehald og skal finansierast over driftsbudsjettet. Gjenkjøp for av investeringar som på vanleg vis er utslitne, blir å rekne som investering dersom dei elles tilfredsstiller ovannemnde kriteria.

9.3 Tilhøvet til kommunen sitt plansystem

Investeringar vert freinja gjennom rådmannen i samband med den årlege rulleringa av økonomiplan/ årsbudsjett:

- Arbeidet med forprosjekt og detaljprosjektering skal følgje utviklinga i økonomiplan/årsbudsjett.
- Løyving til forprosjekt skal vere innteke i årsbudsjett før planlegging vert sett ut i livet. Endeleg investeringsramme vert innteke i årsbudsjettet når forprosjektet er avslutta og klart for tilbodsinnhenting.
- Bygging vert sett i gong i budsjettåret.

Berre i reine unntakstilfelle skal investeringsprosjekt kunne fremjast utanom denne rutina. I så fall gjelder eigen rutine for saksgang - sjå nedanfor.

9.4 Investeringsprosjekt utanom økonomiplanen/årsbudsjettet

Dersom det viser seg naudsynt å fremje forslag om investeringar utanom den vanlege planleggingsprosessen, skal behovsutgreiinga fremjast til rådmannen som avgjer om saka skal fremjast for formannskap og kommunestyre.

I dei tilfelle der kostnader til forprosjekt kjem før løyving til forprosjektering føreligg (hastesak), vert kostnadene ført i driftsrekneskapen. For investeringsframlegg som vert realisert skal det omposterast til investeringsrekneskapen når løyving ligg føre. Ansvarleg for ompostering er den same som er ansvarleg for kostnadsføring av forprosjekt.

9.5 Initiativ

Den einskilde eining/avdeling har ansvaret for å ta initiativ og gjere greie for behov, lokalisering og prioritering, og utarbeider i samband med dette ein samla **behovsutgreiing**.

Behovsutgreiinga skal, i den utstrekning dei er relevante; innehalde:

- Behovsanalyse/statistisk materiale.
- Funksjonsskildringar og romprogram med stipulert netto arealbehov.
- Framlegg til lokalisering etter samarbeid med planseksjonen.
- Kostnadsramme.
- Driftskonsekvensar.
- Eventuelle andre rammebetingelser.

Fagkompetansen gir uttale om framdrift, kostnader basert på stipulert brutto arealramme, samt periodisert behov for løyvingar. Slike kostnadsoverslag kan den einskilde eining/avdeling legge til grunn ved utarbeiding av økonomiplan/årsbudsjett.

9.6 Framlegg til løyving

Alle investeringar må vedtakast av kommunestyret. Løyvingsframlegg skal innehalde:

Totalløyving for hele prosjektet basert på eit realistisk kostnadsoverslag. Netto løyving vert ikkje akseptert - dvs. at eventuelle tilskot og gåver også skal innarbeidast. Tilskot og gåver som ikkje er føresette kan ikkje brukast til å auke investeringsramma utan godkjenning frå kommunestyret.

Fullstendig finansiering.

I løyvingssaka skal det skiljast mellom bygningar/tomtekostnader/fast utstyr etc. og inventar/maskiner/transportmidlar etc. Summen av desse postane utgjer investeringa si totale løyving.

Framdriftsplan og likviditet. For alle enkeltinvesteringar med ei total løyving over 5 mill. kr. skal det i løyvingsvedtaket gjevast opp stipulert framdriftsplan der dette er mogleg.

Ved alle løyvingssaker må driftsmessige konsekvensar verte oppgjevne.

9.7 Vedteken økonomiplan/årsbudsjett

Når kommunestyret har vedteke økonomiplan/årsbudsjett, kan arbeidet med forprosjekt setjast i gang for dei investeringar som har fått løyving.

Investeringar som berre er oppførte i økonomiplanen, har ikkje løyving. Løyving har berre investeringar som inngår i vedtekne årsbudsjett. For investeringar som går over fleire budsjettår er det berre gjeve løyving i samband med det einskilde årsbudsjettet. Dersom framdrifta skulle gå raskare enn planlagt må det søkjast tilleggsløyving i det inneverande budsjettår.

9.8 Administrasjon

Den eining/avdeling i kommunen som er byggherre/eigar av investeringa (driftsansvar) har ansvaret for at den økonomiske styring og finansiering er i orden. I den grad det er naudsynt vert det henta inn fagleg bistand.

Eigar av investeringa er ansvarleg for framdrift, rapportering og utarbeiding av oversikt over totalkostnad.

9.9 Prosjektbeskriving

9.9.1 Tomt/eigedomskjøp

Planseksjonen utgreier tomtealternativ og utarbeider konsekvensanalysar ved den bruken kommunen planlegg. For større prosjekt kan det leigast inn konsulenthjelp.

9.9.2 Forprosjekt

Når løyvinga til forprosjekt ligg føre vert det utarbeidd framlegg til spesifisert byggjeprogram (byggjeprosjekt) og kostnadsoverslag. Dette skal leggjast fram for formannskap og kommunestyre.

På bakgrunn av spesifisert byggjeprogram og kostnadsoverslag skal det (eventuelt):

- Engasjerast arkitekt og konsulentar
- Alternativt takast stilling til andre prosjekteringsmåtar (arkitektkonkuranse, prosjektkonkuranse m.v.).

Det endelege materialet til forprosjektet skal innehalde:

- Saksframstilling
- Forprosjektteikningar, vanlegvis i målestokk 1:100

- Skildring av bygningsmessige standard og tekniske installasjonar.
- Kostnadsoverslag på grunnlag av erfaringstal, framlagt i samsvar med gjeldande kontoplan. Kostnadsoverslag skal omfatte eventuelle tomtetekostnader/gebyr, inventar, utomhusanlegg, stipulert prisstigning i planleggings-/byggeperioden.
- Budsjett for forvaltning, drift og vedlikehald etter ferdigstilling
- Framdriftsplan for den vidare prosjektering og bygging.

Forprosjektet skal fremjast i samsvar med retningslinene for fullført saksbehandling.

9.9.3 Godkjenning av forprosjekt

Forprosjekt vert fremja for politisk/administrativ godkjenning.

Når forprosjekt er vedteke og heile prosjektet ligg innanfor kostnadsramma vedteke av kommunestyret, kan detaljprosjekteringa setjast i gang..

Dersom kommunestyret si vedtekne løyvingsramme er for lav, må saka igjen leggjast fram for kommunestyret helst ved neste rullering av økonomiplan/årsbudsjett.

Før saka igjen vert fremja for kommunestyret skal prosjektet søkjast realisert innanfor opprinneleg kostnadsramme ved tilpassingar.

9.9.4 Detaljprosjektering

Detaljprosjektering kan setjast i gang når forprosjekt og kostnadsramme er godkjent.

Det må sjå til at:

- Byggjeløyve er innhenta, under dette alle naudsynte godkjenningar frå offentlege instansar.
- Naudsynte anbod/tilbod på dei planlagde arbeida er innhenta, og på dette grunnlag justere kostnadsoverslag og framdriftsplan.

9.9.5 Byggjestart

Når investeringsprosjektet er vedteke i årsbudsjett og kostnadsoverslaget ligg innanfor vedteken ramme, kan arbeidet setjast i gang og evt. byggeleiar engasjerast.

Dei einskilte delane av arbeidet skal heller ikkje setjast i gang før kontraktar med entreprenørar og leverandørar er inngått.

Eigen utbetalingsplan for prosjekt over 5 millionar skal sendast over til økonomiseksjonen.

9.9.6 Oppfølging i byggjetida

Det skal påsjåast at byggearbeida vert utførte innanfor løyvingsramma, samt at byggerekneskapen til ei kvar tid gir full oversikt.

9.9.7 Tilleggsøyving

Utviding av kostnadsramma må fremjast for kommunestyret før totaløyvinga vert overskreden. Dersom overskriding av vedteken kostnadaramme kan forventast, utarbeider byggherre/eigar av investeringa sak om dette, med finansieringsframlegg til politisk behandling. Rådmannen kan om naudsynt stoppa investeringa inntil politisk behandling er slutført.

9.9.8 Overtaking/Overlevering

Investeringsprosjekt skal først overleverast i bruksferdig stand.

9.9.9 Sluttrapport/oversikt over totalkostand

Eigar av investeringa skal utarbeida sluttrapport med oversikt over totalkostand over investering av noko storleik, og dette skal fremjast for kommunestyret. Dette skal uansett gjerast for investeringar med kostand over 1,5 mill kroner. Slik sak skal vera fremja innan eitt år etter at overtakingsforretning har funne stad.

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 13.02.2012

SAK 06/12
BREV FRÅ VELFORENINGA PÅ STORE KALVØY

Som vedlegg følger:

- Brev frå velforeninga på Store Kalvøy av 27. januar 2012 v/Asbjørn Schjelderup

Brevet omhandlar manglande oppfølging av formannskapssak 054/10 og gjeld overskriding av byggefristar på kommunalt byggefelt samt problem med å få desse tomtene tilbakeført til kommunen ved misleghald av byggefristar.

Det blir forøvrig vist til ovannemnde brev og rådmannen blir kalla inn for å gjere nærare greie for saka. Rådmannen blir vidare bedt om å legge fram ein skriftleg statusrapport i møtet med ei utgreiing om når forholda vil bli ordna opp.

Harald Rogne
dagleg leiar

Velforeningen på Store Kalvøy
v/ Asbjørn Schjelderup
Store Kalvøy
6285 Storekalvøy
asbjorn_s@mimer.no

27. januar 2012

Til Haram kommune
v/ vara ordfører Svein Harsjøen
v/ rådmann Turid Hanken
v/ leiar stab/støtte Per Langnes
Postmottak Haram kommune.

Sak:

Oppfølging av vedtak i Haram Formannskap sak 054/10:

Byggefelt Store Kalvøy.

7. juni 2010 gjorde Haram formannskap enstemmig vedtak i sak 054/10:

Haram formannskap har vurdert tomtesituasjonen på Store Kalvøy, men finn ikkje førebels å ville tilrå å endre tildelingsreglane. I høve oppfølging av saka elles gjer formannskapet vedtak om:

1. Byggefristen på tomtene 181/14, 181/15, 181/16, 181/23 og 181/26 har gått ut, og kommunen vil krevje at desse vert tilbakeført til kommunen på dei vilkår som går fram ved salet av tomtene. Ved tilbakeføring skal tomtene vere heftefrie. Dersom frivillig tilbakeføring ikkje finn stad innan ein månad frå vedtaksdato, ber formannskapet om at ein går rettens veg for å få tilbakeført tomtene. Kostnadane med ei eventuell rettssak skal krevjast dekt frå dei aktuelle tomteeigarane.
2. Byggefristen på tomt 181/21 har gått ut, men tomta er seld vidare til ny eigar i 2010. Kommunen vil krevje tomta heftefri tilbakeført til kommunen på dei vilkår som går fram ved salet av tomta frå kommunen. Kommunen vil fråvike kravet dersom bygging på tomta er oppstarta innan 2 år frå ny eigar tok over tomta.
3. Tomt 181/25 er ikkje seld, og kan kunngjerast som ledig for ny påtinging. Delbeløp som er innbetalt på tomta kan tilbakeførast til tidlegare aktuell tomtekjøpar.
4. Ved tildeling av tomter i området vert det presisert at kommunen vil kjøpe tilbake tomter som ikkje er bygt på innan utløpet av den fastsatte byggefristen.

Som dette brevet vil dokumentere er det skjedd svært lite i forhold til å sette vedtaket ut i live.

En kort historikk:

Før møte i formannskapet ble de ulike tomteeierne som i en årrekke hadde sittet på tomter i det kommunale byggefeltet på Store Kalvøy, og sålede i samme tidsrom misligholdt byggefristen for tomtene, tilskrevet slik at disse kunne komme med sitt syn før behandling av saken i formannskapet.

07. juni 2010

Sak 054/10 behandles i Haram formannskap – enstemmig vedtak.

10. juni 2010

Like etter at vedtak ble fattet, tilskrev saksbehandler Per Langnes de berørte tomteneierne og underrettet disse om det vedtak som var fattet.

07. desember 2010

Skrev undertegnede brev til ordfører Bjørn Sandnes og ba om en oppdatering av status i saken.

25. januar 2011

Sendte undertegnede en puring på e-post til ordfører Bjørn Sandnes og Per Langnes, der jeg ber om en snarlig tilbakemelding.

26. januar 2011

Svarer Per Langnes følgende:

Det har vore problematisk å få skjøtt tilbake tomtene til Haram kommune på frivillig vis. Pr. i dag har ikkje kommunen gått vidare med tanke på moglegheitene til få dette gjennomført ved hjelp av retten. Bente Klock, som ved sida av meg kjenner best til saka, avvikler for tida ferie. Når ho er tilbake i midten av februar kan vi saman med min etterfølgjer gjere opp status, og følge opp vedtaket vidare i tråd med det formannskapet vedtok i fjor sommer.

19. april 2011

Skriver undertegnede til Haram kommune v/ teknisk sektor og ba om en orientering om status i arbeidet med tilbakekjøp av de aktuelle tomtene i byggefeltet.

24. juni 2011

Sendte undertegnede en ny puring på e-post til Haram kommune v/ ordfører, der jeg etterlyste opplysninger om status i saken, samtidig som jeg på vegne av Velforeningen på Store Kalvøy uttrykte min bekymring for den trege framdriften i behandlingen av saken.

06. september 2011

Sendte undertegnede en ny puring på e-post til ordfører Bjørn Sandnes, der jeg ber om at ordfører tar tak i saken.

30. september 2011

Svarer saksbehandler Per Langnes:

I høve pkt. 1 i vedtaket har det vist seg vanskeleg å få tomtene tilbakeført til kommunen. Ein har no sendt saka over til kommuneadvokaten for gjennomgang og vurdering av vidare oppfølging.

I høve pkt. 2 er fristen som er satt for bygging ikkje utgått. Den nye eigaren tok over tomte 24.03.2010, noko som tilseier ein byggefrist til 24.03.2012.

Postadr.: 6270 Brattvåg	Telefon: 70 20 75 00	Telefaks: 70 20 75 01 Internett: www.haram.kommune.no	Bankgiro: 4005.09.20242	E post: postmottak@haram.kommune.no
----------------------------	-------------------------	---	----------------------------	---

I høve pkt. 3 så ser ein at det pr. dato ikkje ligg ute ledige tomter på Store Kalvøy på kommunen sitt kartsystem. Dette vil bli retta opp, seinast i veke 41.

I høve pkt. 4 er dette gjennomført. Ved sal av tomter i området vert det presisert at tomte skal skøytast tilbake til kommunen dersom tomte ikkje er bygt på innan fristen.

03. oktober 2011

Svarer undertegnede på brevet fra saksbehandler Per Langnes, der jeg påpeker ma.:

Etter vårt syn kan en ikke tolke vedtaket i sak 54/10 slik at det er opp til kommuneadvokaten å vurdere videre oppfølging.

Vi vil hevde at vedtaket i sak 54/10 pålegger administrasjonen å følge opp saken slik ordlyden i klartekst sier.

Det innebærer at administrasjonen, via kommuneadvokaten, snarest tar rettslige skritt mot de tomteeierne som er beskrevet i punkt 1 i vedtak i formannskapet sak 54/10, som i en årrekke har sittet på tomtene, misligholdt gjeldende byggefrist, og således hindret en positiv utvikling i byggefeltet på øya.

Vi opplever at sein saksbehandling fører til at flere tomter i feltet blir solgt, og at det derfor haster med å følge opp saken slik vedtaket i formannskapet sier.

Vi vil her peke på at tomt 181/24 ble solgt i april 2009, og er derfor ikke tatt med i oversikten over de tomtene som er nevnt i vedtak 54/10. Også her er fristen på 2 år gått ut for lengst. Vi går ut ifra at eier av tomt 181/24 også vil bli fulgt opp slik de øvrige tomteeierne som har misligholdt byggefristen blir.

09. januar 2012

Sender undertegnede på ny en purring til leder av stab/støtte Per Langnes, og ba om en status i saken. Så langt har jeg ikke mottatt svar på denne.

Sammendrag:

Velforeningen på Store Kalvøy vil sterkt beklage den seine saksbehandlingen som administrasjonen i Haram kommune har vist i forhold til å følge opp vedtaket i sak 054/10.

Til tross for mange purringer gjennom brev og e-poster kan det synes som at saken står på stedet hvil.

Ser vi på de svar som er kommet fra saksbehandler Per Langnes, kan vi fastslå at det viktigste punktet i vedtaket, punkt 1, trolig nå er til gjennomgang og vurdering av videre oppfølging hos kommuneadvokaten.

Velforeningen vil på nytt – slik vi gjorde det i vårt brev av 03.10. 2011 (se utklipp over) til saksbehandler Per Langnes henstille til fortgang i saken slik at det enstemmige vedtaket i Haram formannskap i sak 054/10 kan gjennomføres slik de folkevalgte har bestemt.

Med hilsen

Asbjørn Schjelderup
Leder i Velforeningen på Store Kalvøy.

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 13.02.2012

SAK 07/12
OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Som vedlegg følger:

- Oversikt over oppfølging av kommunestyrevedtak perioden september 2010 t.o.m. september 2011

Dokumentet er ei egenerklæring frå kommunen om oppfølging av kommunestyrevedtak. Frå kontrollutvalsekretariatet si side er det ikkje utført kontrollhandlingar inn mot innhaldet i oversikten.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

KOMMUNESTYRESAKER - OPPFØLGJING

Perioden fom sept. 2010 - tom sept. 2011

Status: F - Ferdig oppfølgt / iverksatt
 UA - Under arbeid, sjå merknadsfelt
 UT - Oppfølging utsatt, sjå merknadsfelt

Møtedato	Saksnr	Journaltittel	Sbh	JournalPostID	Status	Merknad
16.09.2010	059/10	Referatsaker	EAM	10/5776	F	
16.09.2010	060/10	Godkjenning av møtebok 17.06.2010	EAM	10/5777	F	
16.09.2010	061/10	Forvaltningsrevisjonsrapport om finansforvaltning i Haram kommune	EAM	10/5775	F	Følgd opp med ny sak i kommunestyret 17.03.11, sak 12/11
16.09.2010	062/10	Regulering/utbygging i Eidsvika	EHS	10/4344	F	Gjeld reguleringsplanen
16.09.2010	063/10	Brattvåg idrettspark - søknad om oppstart av regulering	EHS	10/5426	F	
16.09.2010	064/10	Vatne sentrum - reguleringsplan fv 661 / ny bru og sentrumsområde	KBE	10/5702	F	Reguleringsplan er kunngjort. Finansiering/tiltak må følgjast opp overfor Fylkeskommunen og vegvesenet.
16.09.2010	065/10	Vatne omsorgsarena - vidare arbeid med prosjektet	KBE	10/5418	UA	Sak til formannskapet i februar.
16.09.2010	066/10	Fritak frå politiske verv pga flytting - Torgeir Akslen,FRP	EAM	10/5351	F	
16.09.2010	067/10	Longva gravstad - Utviding	THA	10/5659	F	
16.09.2010	068/10	Interkommunalt samarbeid om samfunnsmedisinske tenester	THA	10/5673	F	
28.10.2010	069/10	Godkjenning av møtebok 16.09.10	EAM	10/6605	F	
28.10.2010	070/10	Eigedommar - retningslinjer ved sal	KBE	10/6120	F	
28.10.2010	071/10	Sunnøre Kriesenter - forslag til ny samarbeidsmodell	JWD	10/6282	F	
28.10.2010	072/10	Busetting av flyktningar i Haram	JWD	10/6453	F	
28.10.2010	073/10	Prioritering og gjennomføring av tiltak ved Tennfjord skule.	BSK	10/6445	UA	Hovudsakleg gjenstår taktekking og følgjeskader pga lekkasje. ¼ er tekka. Oppstart på resten veke 3. Entreprenøren har ikkje følgd opp avtalt framdrift. Denne saka vert høgt prioritert frå kommunen.
28.10.2010	074/10	Tertialrapport 2. tertial 2010	VTO	10/6470	F	Endringar er gjort, men framleis pågår prosessen med forbetringar av rapporteringa
28.10.2010	075/10	Serverings- og skjenkeløyve for Barius og Kactus - A&A Lydstue DA	EAM	10/6365	F	
28.10.2010	076/10	Grystraanda skule - sal av eigedommen	KBE	10/6478	F	
16.12.2010	077/10	Godkjenning av møtebok	EAM	10/7788	F	
16.12.2010	078/10	Betalingssatsar i kulturskulen - skuleåret 2011-2012	EAM	10/7364	F	

Møtedato	Saksnr	Journaltittel	Sbh	JournalPostID	Status	Merknad
16.12.2010	079/10	Gebyr for kommunale tenester 2011 - Eigedom og teknisk drift	PLA	10/7390	F	
16.12.2010	080/10	Forskrift om regulativ for saksbehandlingsgebyr etter plan- og bygningsloven og forskrift om gebyrregulativ for forvaltningsoppgåver etter matrikkelloven- Betalingsregulativ 2011 - Byggesak og geodata	AMH	10/7405	F	
16.12.2010	081/10	Satsar for eigenbetaling i indre og ytre omsorgseining	SAA	10/7402	F	Ny sak skal opp 2012 – 2013.
16.12.2010	082/10	Spelmidlar 2011-prioritering	KHA	10/7307	F	
16.12.2010	083/10	Budsjettjustering 2010 - Avdrag	GSØ	10/7415	F	
16.12.2010	084/10	Budsjett 2011	THA	10/7426	F	Arbeider med oppfølging – innsparingsplan.
16.12.2010	085/10	Ingebrigt Davik-huset KF - budsjett 2011	EAM	10/7777	F	Budsjett sendt tilbake, opp til behandling neste møte med reviderte vedtekter i forhold til styregodtgjersle. Vart lagt fram for kommunestyret 17.03.11 og 16.06.11.
16.12.2010	086/10	Serveringsløyve - Granåsen bensin AS (Statoil Brattvåg)	EAM	10/7380	F	
16.12.2010	087/10	Joker Vatne avd. kiosk - Søkna om serveringsløyve	EAM	10/7780	F	
16.12.2010	088/10	Ingebrigt Davik-huset KF - val av nestleiar	EAM	10/7929	F	
16.12.2010	089/10	Budsjettjustering 2010	GSØ	10/6905	F	
10.02.2011	001/11	Godkjenning av møtebok 16.12.2010	EAM	11/787	F	
10.02.2011	002/11	Ingebrigt Davik-huset KF - val av styre. Vedtak i kommunestyret	EAM	11/779	F	
10.02.2011	003/11	Kommune- og fylkestingsvalet 2011. Avvikling av Store Kalvøy røystekrins	EAM	11/505	F	
10.02.2011	004/11	Finansiering av private barnehagar i Haram kommune. Retningslinjer og satsar for tilskot	MEI	11/576	F	Satsane for 2011 blir noko høgare utifrå endra grunnlag frå staten. Her vil det komme ny sak/nye satsar for 2012
10.02.2011	005/11	Ålesundregionens Havnevesen - endring av vedtekter	PLA	11/278	F	
10.02.2011	006/11	Bustadfelt i Eidsvika - utbygging	KBE	10/5412	F	
10.02.2011	007/11	Brattvåg Pizza Bar - søknad om serveringsløyve	EAM	11/781	F	
10.02.2011	008/11	Plan- og bygningslova - delegering av mynde i klagesaker	EAM	11/785	F	
17.03.2011	009/11	Godkjenning av møtebok	EAM	11/1713	F	
17.03.2011	010/11	eKommune Sunnmøre - formalisering av interkommunalt samarbeid	THA	11/1028	F	

Møtedato	Saksnr	Journaltittel	Sbh	JournalPostID	Status	Merknad
17.03.2011	011/11	Abonnementsvilkår for vatn og avløp	JBV	11/776	F	
17.03.2011	012/11	Finansforvaltning - oppfølging av k-sak 61/10	THA	11/1508	F	Skal følgt opp gjennom behandling av finansreglementet i denne kommunestyreperioden.
17.03.2011	013/11	Årsmelding Eldrerådet 2010	EAM	11/671	F	
17.03.2011	014/11	Ingebrigt Davik-huset KF - revidert budsjett 2011	EAM	11/1691	F	
17.03.2011	015/11	Ingebrigt Davik-huset KF. Fastsetting av godtgjersle til styret	EAM	11/1688	F	Saka skulle opp igjen i møte 16.06.2011
17.03.2011	016/11	Ingebrigt Davik-huset KF - val av valnemnd 2011 - 2012	EAM	11/1707	F	
17.03.2011	017/11	Barnehage tilbudet i Haram	MEI	11/1401	UT	I og med at det har vore ganske mykje uavklart i forhold til finansiering av dei private barnehagane, har denne saka ikkje blitt prioritert. Vil komme i 2012
17.03.2011	018/11	Gnr 24/10 - Hildrefjørå bustadfelt - Vassforsyning evt. omlegging kloakk	KSJ	11/1444	UA	Alle avtaler og løyver er ferdig behandla. Ikkje oppstarta av utbyggjar
17.03.2011	019/11	Industristaden Brattvåg 100 år - markering av jubileet	THA	11/1520	F	
12.05.2011	020/11	Godkjenning av møtebok 17.03.11	EAM	11/3290	F	
12.05.2011	021/11	MOT - Lokalsamfunn med mot i Haram kommune	EOO	11/2373	F	
12.05.2011	022/11	Nye gravferdstakstar	PLA	11/3071	F	
12.05.2011	023/11	Haram kyrkjelege fellesråd - Driftsbygning	PLA	11/3051	F	
12.05.2011	024/11	Kanal på gnr. 94, bnr. 1 - Avtale	PLA	11/3183	F	Avtale er inngått og erstatning utbetalt. Vidare oppfølging av punkta i avtalen vert ivarettatt av eining for Eigedom og teknisk drift.
12.05.2011	025/11	UFO (UngdomsFritidsOrdninga). Halvårsrapportar vår og haust 2010	EAM	11/3260	F	
16.06.2011	026/11	Referatsaker	EAM	11/4346	F	
16.06.2011	027/11	Godkjenning av møtebok 12.05.11	EAM	11/4347	F	
16.06.2011	028/11	Årsmelding 2010	PLA	11/3878	F	
16.06.2011	029/11	Kommunerekneskapen 2010	PLA	11/3884	F	
16.06.2011	030/11	Tertialrapport 1. tertial 2011	PLA	11/4101	F	
16.06.2011	031/11	Økonomiplan 2012 - 2015	THA	11/3862	F	
16.06.2011	032/11	Ingebrigt Davik-huset KF - årsmelding 2010	PLA	11/4320	F	
16.06.2011	033/11	Ingebrigt Davik-huset KF - rekneskap 2010	PLA	11/4321	F	
16.06.2011	034/11	Ingebrigt Davik-huset KF. Fastsetting av godtgjersle til styret	EAM	11/4331	F	Saka vart utsatt i møtet, men behandla på nytt i møte 17.11.2011

Møtedato	Saksnr	Journaltittel	Sbh	JournalPostID	Status	Merknad
16.06.2011	035/11	Gnr 28/909 - Brattvåg Næringspark - Privat regulering	HGJ	11/4070	F	Gjort vedtak i kommunestyret
16.06.2011	036/11	Oppretting av kommunalt føretak i eidedomsforvaltninga	PLA	11/3886	F	Eigedom og teknisk drift har ansvaret for å følge opp saka vidare. I tilknytning til dette er det laga eit mandat for det vidare arbeidet. Mandatet er behandla og godkjent av rådmannen si leiargruppe.
16.06.2011	037/11	Samfjordgårdene Brattvåg - vurdering av kjøp vs leige	BSK	11/3829	F	Leilighetene er kjøpt og betalt.
16.06.2011	038/11	Barnehagebygga i Søvik og Tennfjord	MEI	11/4032	UA	Søvik: fullført – Tennfjord: ikkje påbegynt opparbeiding av parkeringsplass. Elles fullført
16.06.2011	039/11	Trafikktryggingssplan 2011-2014 (2018)	KSJ	11/4087	F	
16.06.2011	040/11	Taksering og energimerking av bygningar vurdert for sal	BSK	11/3833	UA	Hildre skule, Gamle sjukeheimen, Rådhuset, Vestrefjord skule, Helsehus Vatne er taksert. Gjenstår takst: Fjørtoft skule, Helland skule, Kommunehus Vatne, Leilighet Gryfestranda, Leilighet Vatne. Energimerking utførast eventuelt i samband med sal.
16.06.2011	041/11	Renovering og oppgradering av leilegheiter	BSK	11/4159	UA	1 ferdig, 2 påbegynt, 1 ikkje påbegynt. Behov for renovering av ytterlegare 1 leigheit som er fråflytta.
16.06.2011	042/11	Haram omsorgssenter - vurdering av tiltak på bygget	KBE	11/4098	UA	
16.06.2011	043/11	Bru over Grytaelva - Oppgradering	PLA	11/4107	F	Kommunenstyret skal i følge vedtaket vurdere eventuell løyving i budsjettet for 2012. I trafikktryggingssplanen som vart vedtatt i same møtet er tiltaket prioritert i kategori 2. Kommentert, men ikkje tatt med i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2012.
16.06.2011	044/11	Brattvåg IL. Søknad om oppjustert støtte og utvida lånegaranti	PLA	11/3156	F	Fylkesmannen har godkjent utvidinga av lånegarantien.
16.06.2011	045/11	Overvatn Orvik Byggefelt 2011	KSJ	11/3820	F	
16.06.2011	046/11	Kommunestruktur - Kommunesamanslåing - brev frå Ørskog kommune	THA	11/3897	F	
16.06.2011	047/11	Haram ungdomsråd - endring av medlemstal i ungdomsrådet	EAM	11/3847	F	
29.09.2011	048/11	Referatsaker	EAM	11/6428	F	
29.09.2011	049/11	Godkjenning av møtebok 16.06.11	EAM	11/6429	F	
29.09.2011	050/11	Regulering av gnr 102/1, 10 og 13 på Vatne	EHS	11/4709	F	Vedtak gjort. Avventar justering av vedtekter frå forslagsstiller før kunngjering.
29.09.2011	051/11	Massetak i Samfjord - reguleringsplan	HGJ	11/6090	UA	Sendt tilbake av kommunestyret for endring av regulert areal, ny sak i Planutvalet, vidare arbeid med planen før ny kommunestyresak

Møtedato	Saksnr	Journaltittel	Sbh	JournalPostID	Status	Merknad
29.09.2011	052/11	Landbruksplan for Haram kommune	PLA	11/4868	F	Planen er vedtatt, og danner rammar for arbeidet innanfor landbruksforvaltninga.
29.09.2011	053/11	Finansiering av private barnehagar i Haram kommune	MEI	11/6233	UA	Blir teken opp på nytt i kommunestyremøtet 15.12.11
29.09.2011	054/11	Høyringssvar - Forskrifter til lov om kommunal helse- og omsorgstjeneste	KMK	11/6283	F	Høyringssvaret er sendt + sendt på førehand til kommunestyret
29.09.2011	055/11	Revidering av kommunale retningslinjer for startlån i Haram kommune	GSØ	11/4100	F	
29.09.2011	056/11	Tertialrapport 2. tertial 2011	PLA	11/6273	F	
29.09.2011	057/11	Budsjettjustering 2011	PLA	11/6290	F	
29.09.2011	058/11	Godkjenning av selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd IKS	THA	11/6295	F	
29.09.2011	059/11	KompetanseHaram 2015 - rapport og evaluering	THA	11/6265	F	Skal takast opp spørsmål om vidareføring.
29.09.2011	060/11	Nordøyhallen AS - Søkna om oppjustert støtte	PLA	11/6302	F	Saka vart utsatt, men er seinare behandla i kommunestyret. Må oppfølgjast i form av ny leigeavtale.
29.09.2011	061/11	Politisk styringsstruktur - spørsmål om endring av utvalsstruktur	EAM	11/5691	UA	Saka oversendt det nye kommunestyret for å seje igong ein prosess for vitalisering av styringsstrukturen. Ikkje avklart når saka skal politisk behandlast.
29.09.2011	062/11	Haram kommunehus - utgreiing av alternativ	KBE	11/6330	UA	Sak til formannskapet i april.
29.09.2011	063/11	Ingebrigt Davik-huset KF - val av vara til styre og valnemnd	EAM	11/6412	F	
29.09.2011	064/11	UFO (UngdomsFritidsOrdninga). Halvårsrapport vår 2011	EAM	11/6423	F	